



Pressemelding

15.11.2017

15 nye hurtigladarar i Voss og Hardanger

Voss og Hardanger får 15 nye hurtigladarar på sju stader. Hordaland fylkeskommune står bak storsatsinga som skal sikre rask lading til elbilar gjennom heile regionen.

Voss får åtte nye hurtigladarar, seks i sentrum og to på Skulstadmo. I Granvin kjem det to hurtigladarar. Eidfjord får utviding frå ein til tre. Ulvik, Kinsarvik og Jondal får alle utviding frå ein til to hurtigladarar.

Med dette får alle kommunar i Hordaland, minus Fedje, hurtigladarar for elbilar på plass. Det kjem og hurtigladarar i Øygarden, Sund, Fitjar, Sveio og Modalen og utviding med to nye Ostereidet, Indre Arna og Loddefjord. Fedje blir einaste kommune med berre normallading.

Best i klassen

Med dei siste tildelingane frå Hordaland fylkeskommune blir og fylket best i klassen i tal hurtigladarar samanlikna med landet for øvrig. Fylket ligg og høgt i elbilsalget.

– Vi gir no tilskot til totalt 27 nye hurtigladestasjonar. Tildelinga aukar talet på hurtigladarar i Hordaland med 29 prosent. Alle kommunar i fylket, minus Fedje, får dermed hurtiglading. Denne tildelinga er den største fylkeskommunale satsinga på dette feltet og Hordaland får dermed det mest omfattande hurtigladetilbodet i landet, seier klima- og naturressurssjef Sølve Sundbø i Hordaland fylkeskommune.

For fylkeskommunen er dette avgjerande for den vidare satsinga på elbilar og vidare reduksjon av utslepp frå vegtrafikken.

– Ambisjonen vår er at det skal bli praktisk å køyre elbil, og då treng vi eit godt nettverk med hurtigladestasjonar gjennom heile fylket. Fleire hurtigladarar langs dei mest brukte vegane i fylket reduserer rekkeviddeangst og gjer at fleire folk tør velje elbil når dei kjøper bil, seier Sundbø.

Hordaland fylkesting har i år løyvt 10 millionar til klimatiltak. 3,7 millionar går til bygging av desse nye hurtigladepunkta. Tildelinga skjer etter ei open utlysning der hurtigladeselskapa har konkurrert om å bygge hurtigladarar med lågast tilskotssum. Hurtigladeselskapa står for resten av kostnadane ved utbygginga og seinare drift.

Tar ladegrep

– Det beste verkemiddelet fylkeskommunen har for overgang til nullutsleppsilar er å bidra til eit godt nettverk av hurtigladestasjonar. Dette ser vi har ført til eit oppsving i sal av elbilar i fylket. Før fylkeskommunen engasjerte seg i utbygginga, låg Hordaland på gjennomsnittet i landet i kjøp av elbilar. Etter at vi engasjerte oss, har Hordaland lege 15-20 prosent over landssnittet, seier Sundbø.

Tal for september i år viser at 52 prosent av nybilsalet i fylket var elbilar og 17 prosent ladbare hybridbilar. Snittet i landet var 32 prosent elbil. For siste kvartal var tala for Hordaland 42 prosent, og 25 prosent i snitt for landet. Totalt er det no 21.000 elbilar, samt 5300 ladbare hybridar i fylket. Hordaland er regionen i verda med høgast sal av elbil i høve den totale bilparken og den regionen i verda med høgast del elbil av nybilsalet.

Held fram klimasatsinga

Satsinga på hurtigladestasjonar er ein del av satsinga Hordaland fylkeskommune har for å redusere utslepp frå vegtrafikken. Framover blir det og stor satsing på miljøvenlege ferjer og bussar. I klimabudsjettet til Hordaland fylkeskommune går det fram at klimagassutsleppa frå kollektivtrafikken i fylket skal halverast dei neste fire åra.

– Dette er viktig for reduserte utslepp av klimagasser og betre luftkvalitet. Transportsektoren står for største del av utsleppa i ikkje-kvotepliktig sektør og store klimakutt vil komme i transportsektoren, seier Sølve Sondbø, leiar av seksjon for klima- og naturressursforvaltning i Hordaland fylkeskommune.

Meir effektiv energibruk

I klimaplanen har Hordaland fylkeskommune som mål å redusere utsleppet av klimagassar med 22 prosent innan 2020 og 40 prosent innan 2030, i høve til 1991. Energibruken skal og bli meir effektiv, med 20 prosent innan 2020 og 30 prosent innan 2030, i høve til 2007. Det er og eit mål at alt energibehov i størst mogleg grad skal bli dekkja av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

Foto: Sølve Sondbø, klima- og naturressurssjef i Hordaland fylkeskommune er godt nøgd med at Hordaland er best i klassen i tal hurtigladarar samanlikna med landet for øvrig. Her på hurtigladestasjonen på Danmarks plass.

<https://www.flickr.com/photos/hordalandfk/37719681254/in/dateposted/>

Fakta om dei nye hurtigladarane i Hordaland:

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/pdf-til-nyheiter-2017/HurtigladingFakta.pdf>

Kontaktperson:

Sølve Sondbø, klima- og naturressurssjef i Hordaland fylkeskommune – mobil: 900 75 325